

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 108/2003**

**av 26. september 2003**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar,  
prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 74/2003 av 20. juni 2003<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 494/2003 av 18. mars 2003 om endring av rådsforordning (EF) nr. 297/95 om fastsettelse av gebyrer til Det europeiske kontor for legemiddelvurdering<sup>(2)</sup>, skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg II kapittel XIII nr. 15 h (rådsforordning (EF) nr. 297/95) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32003 R 0494:** Kommisjonsforordning (EF) nr. 494/2003 av 18. mars 2003 (TEU L 73 av 19.3.2003, s. 6).”

*Artikkel 2*

Teksta til forordning (EF) nr. 494/2003 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 27. september 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

---

<sup>(1)</sup> TEU L 257 av 9.10.2003, s. 22, og EØS-tillegget til TEU nr. 51 av 9.10.2003, s. 12.

<sup>(2)</sup> TEU L 73 av 19.3.2003, s. 6.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 26. september 2003.

*For EØS-komiteen  
Formann*

*Prins Nikolaus von Liechtenstein*

*Sekretærar for EØS-komiteen*

*P.K. Mannes      M. Brinkmann*